



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for februar 2011.

Årgang 46

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vigdis Riise
Visepres: Magnar Hatløy
Sekretær: Odd Arne Holstad
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Oddvar Haugen
Styremedlem: Anders Riise
Styremedlem: Jarle Kristiansen
Ansv.red.: Håvard Myrene
Referent: Sverre Bjåstad

Fødselsdagar i januar:

Aagot Riise	5. februar
Jan Håvard Nytun	16. februar
Sigurd L. Bigset	21. februar

Frammøteprosent i jan: 72,3 %

URO.

Kor skal det gaa meg, naar Gud eg gløymer,
og Hjarta sjukt seg i Elskhug drøymer?
Kor skal det gaa meg so sant og visst,
naar hurt meg sjølv eg so reint hev mist?

Og aldri kann eg meg atter vinne,
og aldri meir kann eg til meg finne;
so vel er stengd baade Von og Veg; —
eg maatte finne meg sjølv i deg.

Måndag 07.02.11

Møtet starta tradisjonen tru med song. Etterpå takka Elias Sellevoll for blomar i høve 70-års dagen sin.

Ego-foredrag av Jørn Gjerde.

Med ein lett og humoristisk tone fortalde han oss om arbeidslivet sitt. Dei mange småhistoriene hans mellom reine fakta gjorde foredraget ekstra underhaldande.

Jørn, fødd i 1947 og son til Agnar og Johanne Gjerde, vaks opp på Gjerde. Han er gift med Else Standal som kom frå Hjørundfjorden. Dei har 3 born som alle bur på Hareid.

Jørn tok oss med i ei kronologisk reise gjennom livet. Den viser at han har vore på sjøen i heile sitt yrkesaktive liv. Og vi nemner frå foredraget:

62: messegut på Melshorn, sildesnurping på Island

63-64: med Jobella. Matros. Sildefiske

64: M/S Boholmen. Fiske etter brisling, makrell og feitsild

66-67: Over på tankbåt. M/T Skautopp

67-68: M/S Brimanger. Frakkebåt. Sigla m.a. på heile vestkysten av Amerika. Men også gjennom Magellanstredet og opp til Brasil og Mellom-Amerika til kaffileverandørar. Så gjennom Panama-kanalen og over på vestkysten att.

69-70: Bulkbåt i 15 mnd. M.a. tømmer til Australia.

71: M/S Flemsøy i 6 veker

71-76: M/S Polarhav med seismikk-arbeid

77-81: Med på m.a. M/S Wilbur Mariner. No vart det supply og utbygging av Frigg-feltet som no er tømd.

Etter kvart såg Jørn at det var behov for meir skule. Og i 81-83 tok han styrmannskule i Ålesund. Etter nær 10 år på sjøen igjen, tok han skipperskule i -92. Jørn jobba i Anders Wilhelmsen i 15 år. Dei var og med på økonomisk stønad då han tok utdanninga i Ålesund.

83-84: No var han 2. styrmann om bord i M/S Wilmina. Faste turar bil/bulk mellom Japan og USA. Bjørn fortalde at dei på ein tur hadde med 4000 bilar.

84-87: DSV Wildrake. Dykkerbåt.

87-92: Styrmann på Wichief

92-08: Om bord i MS Ocean Knarr eigd av Rovde shipping / Siem offshore.

08-10. Om bord på M/S Siem Danis. Supplybåt.

Vi takkar Jørn for eit svært underhaldande og informativt foredrag. Han har så visst ikkje problem med å hugse historiene med både namn og tid.

Måndag 14.02.11

Møtet starta med felles song: "Mitt bu min heim min keisardom ...". Ein ukjend song for mange, tydelegvis.

Foredragshaldar i kveld var **Reidar Stridh** som hadde gitt programmet tittelen: "**Havbotnen rundt oss**".

Reidar Stridh har lenge drive med dykking. Etter at han flytta til Hareid, har dykking i Rundeområdet vore det sentrale. Han hevda at mykje av kulturen vår ligg på sjøbotnen.

Men i kveld konsentrerte han seg om ei dykking i Østersjøen som han var med på i 83-84. I 1982 vart det sett i gong eit prosjekt utanfor Øland der ein skulle dykke og ta opp restar etter "Kronan". Det var først i 1980 at vraket etter Kronan vart funne i ei grop på 26 m djupne 6 km utanfor austkysten av Øland. Berre babord skipsside var nokolunde intakt.

Kronan var eit svensk orlogsskip frå 1668. Det forliste 1. juni aust for Øland. Skipet vert rekna som eit av dei største i si tid. Dette galdt i *Den Skånske Krig* 1675-1679.

I tida 1630 – 1670 vaks Sverige seg til ei stormakt i Europa. I 1664 ville svenskekongen byggje eit skip større enn noko anna. Det vart gjort. Men skipet hadde sine svake sider trass storleiken. Kronan var 180 fot, hadde 4 dekk med kanoner og 160 kanoner. Mannskapet var på 500 sjømenn og 300 soldatar.

Reidar fortalde om slaget og eigenskapane til skipet som medførde at det forliste i 1676.

Vidare om korleis han kom med i ei gruppe på ca 10 mann som skulle hente opp mest mogleg av det som låg att etter forliset.

Dei hadde ein gamal slepebåt (marinefarty) til disposisjon. I 1985 tok dei opp nær 10 000 gjenstandar. Det var myntar, ringar, kanoner og kroppslevningar. Og sjølvsagt mykje av bygningsmassen til Kronan. Mange av myntane var laga til Carl IX si gravferd.

Restane dei fann er i dag samla på Kalmar slott. I dag utgjer samlinga 5 gonger så mykje som det dei samla opp i 83-84.

Måndag 21.02.11

Etter felles song orienterte president Vigdis om ny utvekslingselev til Ulstein Rotary. Klubben hadde fått vanskar med å skaffe vertsfamiliar til eleven frå Australia. Men etter eit sammøte med Hareid og Herøy RK ordna det seg.

Programmet for kvelden var ved **Ingvil Eilertsen Grimstad** over emnet: **Gamle bygningar i Hareid**. Ingvil jobbar no på Jugendsenteret i Ålesund. Sikkert noko som har medverka til at ho hadde forma seg oppgåva: Kva finst av gamle hus på Hareid og kva hus er eldst?

Ingvil viste lysbilde av bygga samstundes med orienteringa. Og her er nokre av bygga ho viste oss og orienterte om:

Prestestova. Dette står no på kyrkjegarden og er frå 1600 – talet. Kanskje nær 1650 som er årstalet då eit bygg vert automatisk verna.

Gamalt hus i Gamle-åsen. Bygd ca 1865. Noverande eigar bur i Ålesund. Det var ei røykstove, noko det ikkje er i dag.

Kleivastova. Står ikkje på Hareid, men ved Klevenverftet i Ulstein. Dette er eit lite bygg og året 1606 står rita inn på ein tømmervegg. Det skal flyttast til Klubbeneset.

Ingebergstova i Eliasgarden. Kan stamme frå 1600-talet. Men det er gjort vesentlege ombyggingar seinare. Lite og ingenting er att av det originale bygget.

Steinargarden på Øvrelid i Hjørungavåg. Informasjonen om bygga og tunet hadde ho fått i bygdeboka og med med Bjørg Øvrelid. Huset var sett opp i ca 1870. Det kom frå Romsdalen.

Gamalt hus på Knut-garden br.nr. 1 på Gjerde. Bygget frå ca 1890. Ikkje maling og ikkje murpuss. Torvtak.

Hus på *Finsgarden*. Mala hus, pussa mur og skifer på taket.

Hus i Hovden. Huset bygd i 1910.

Eit eldre *Tomasgarden* hus på Røyset.

Hus frå *Myra* på Grimstad (Johan-garden der Emdal bur no).

Gardshus frå *Steffensen-plassen* på Nevstad (der Kåre Oksavik bur). Huset er borte, men murane står. Johan Steffenson var dugande murar.

Hus frå *Torkjelgarden* på Hovlid. Bygd 1877 og står enno.

Hovudhuset i *Gomyra*, romsdalshus. Står enno og er no under restaurering av eigaren.

Vonheim, bygdetunet anno 1920, bygd 1880. Er spesielt, kunstferdig og bygd i sveitserstil. Dragestil.

Johangarden i Hareid sentrum.

KL-bygget på Indre-Hareid.

Hus i Megata.

Ingvil orienterte på ein lett og underhaldande måte. Fleire i salen med alder på nær halvt hundre år meir enn ho, kunne justere og kome med nyttige suppleringar.

Måndag 28.02.11

Programfritt.